

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sande

Emne: Drikk til maten til
kvardags

Bygdelag: Voksa

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa

G.nr. 63 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein kan vist seie at bruken av søtmjøl (Heilmjøl) har auka og at bruken av surmjøl har minka. Før var det sjeldan at vaksne folk drakk søtmjøl, det var helst for småungar og sjuke. Men til torstedrikk og attåt mat var det drukke skyr og/eller syreblende. I det heile kan ein nok seie at bruken av mjøl har auka ein god munn mot før i tida. Noko av at mjølkeproduksjonen står mykje høgare no, og noko av at folk har meir pengar millom hendingene enn for ei 40-50 år sidan.
2. Ja om ein hadde det.
3. Det kunne vera ei blanding av skyr og vatn, eller berre surmjøl, og om sommaren i varmen var syreblende det beste ein kunne få. Dette med syreblende har gått heilt av bruk no.
4. Ein kan ikkje seie at øl har vore kvardagsdrykk nokon tid. Det vart vel bryggja til jol eingrand, men det vart spard på det slik at ein ofte hadde att av joleøllet til langt fram i mars. Lettølet kunne vel verta brukt til torstedrikk til kvardags, for det tolde ikkje å gøymast solengje, men elles kan ein ikkje seie at øl har vore brukt til kvardagsdrykk her etter 1850. Etter 1900 - 1910 er det vist svært fåe som i det heile har bryggja her i Sande. Utan ein hende gong til eit brudlaup, men det heller er ikkje ofte.
5. Det er i alle høve over hundra år sidan ein tok til å bruka kaffi, det er bra lenge sidan den vart kvardagsdrykk og. Rimeleg nok var det mykje kornkaffi og sikori, men det var no kalla kaffi likevel.
6. Det er litt vanskeløg å setja årstal her, men eg vil likevel gissa på 1870/80
7. Tvo gonger for det meste, til frukost og non, ja det er vel sume som må ha seg ein kopp straks etter middagen og. I siste fall vert det tre gonger om dag.
8. Den vanlege måten å koka kaffi på er å ha grovmalen kaffi i kokande vatn og la den koke ei lita stund. Etter kjelen er teken av varmen, slær ein i ein skvett kalt vatn til å klare den med og dermed er den ferdig. Salt, sirup, klåreskinn og anna hokus pokus vert lite og inkje nytta. Å spå i kaffigrugg er ikkje lenger nokon som tek alvorleg. Det vert nok gjort til tidtrøyt i eit lag, helst av ungdom, men den som spår, ser minst av spådomen i kaffikoppen.
9. Dei fleste brukar sukker når det skal vera helg eller vitjamat, men til kvardags vert den oftast drukken utan sukker.

Tidlegare var det mest brunsukker og toppsukker som vart brukt, medan det no er berre raffinade (stykke-sukker) .

- 10. Mykjegodt alle brukar fløyte eller mjølk i kaffien. Ost, smør eller egger sikkert lite brukt.
- 11. Te vert sjeldan drukke til kvardags. Det kan vera ein høgtidsdag til kvelds, eller i eit selskap. Te av heimelaga planter vert lite brukt. Kanskje litt te av hylleblom, men det er no helst ei "doktorråd " mot forkjøling.
- 12. I eldre tid vart det vel brukt noko brennevin til kvardags, men siste 50 åra er det lite og inkje brukt korkje til kvardags eller i helga. Mesteparten av folket er avhaldsfolk, og dei som ikkje er det, fylgjer skikk og bruk i bygda, for det meste då.
- 13. Det vert nok brukt noko av desse drikkeslaga, men ikkje nett til kvardagsdrykk. Det er helst til festar og brudlaup og andre serskilde høve at ein brukar dei.

5210